



Føresegnene for hyttefeltet på Skorpo blir stramma inn.

Følgjetongen om hyttefeltet til Kåre Hauge på Skorpo går vidare og det siste er at planavdelinga i kommunen seier seg delvis einig med merknadane til miljøvernavdelinga hjå Fylkesmannen.

Avdelinga har sagt at det ikkje er teke tilstrekkeleg omsyn til verdiane knytt til natur, landskap og estetikk. Difor har planavdelinga i samarbeid med byggesakskonotoret i kommunen gjort ein revisjon/innstramming av føresegnene.

Det heiter no mellom anna at vegetasjon og store trær og tregrupper som forhindrar innsyn frå sjøen skal takast vare på og at det ikkje er lov med store utsprengingar eller fyllingar i området.

Vidare heiter det at maksimum bygd areal skal vera 20 prosent og at kvar hytte ikkje skal vera større enn 120 kvadratmeter og uthus ikkje større enn 25 kvadratmeter. Maksimal byggjehøgde er 1,5 etasjar.

Av Ola Matti Mathisen